



Notat

Dato: 05.11.2014
Arkivsak: 2014/13100-12
Saksbehandlar: biraase

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status Førebudd på framtida


Bakgrunn

Med utgangspunkt i fylkestinget sine vedtak i årsbudsjetta for 2013 og 2014 har fylkesrådmannen etablert eit omstettingsprogram som skal omfatte ein systematisk gjennomgang av alle avdelingane i fylkeskommunen. I budsjettvedtaket for 2014 heiter det m.a.:

«Parallelt må Hordaland fylkeskommune arbeide målrettet med utviklingstiltak for å kunne effektivisere driften, øke servicenivået og bedre tjenesteproduksjonen overfor innbyggerne i fylket.»

Ekommune-satsing, med helelektroniske arbeidsprosesser, er ett eksempel på utviklingsarbeid som bør stå i fokus de kommende årene. Koalisjonen vil også be om at fylkesrådmannen vurderer om den fylkeskommunale organisasjonen er moden for en mer gjennomgripende organisasjonsutviklingsprosess der en bl.a. ser på organisasjonsstruktur, styringsmodell, rapporteringsregime til politisk nivå, arbeidsprosesser og tjenesteutvikling.»

Omstettingsprogrammet «Førebudd på framtida» skal i utgangspunktet gå fram til 2016 og vil vere inndelt i fasar tilpassa dei endringane som kan kome fra regjering og departement kring fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Det er utpeika ein eigen programsjef, som har ansvar for å koordinere dei ulike aktivitetane på overordna nivå. Programsjefen rapporterer til fylkesrådmannen. Programmet er organisert slik:



Formål

Formålet med programmet «Førebudd på framtida» er å sikre at Hordaland fylkeskommune som regional utviklar vert i stand til å

- Utvikle og effektivisere tenesteproduksjonen, både kjerneoppgåvene og støttefunksjonane, slik at fylkeskommunen står fram som
 - ein kompetent og offensiv tenesteleverandør, som er i dialog med tilsette, innbyggjarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar
 - «konkuransedyktig» samanlikna med andre fylkeskommunar eller andre forvaltningsnivå med tilsvarende tenesteprodukt
 - ein attraktiv arbeidsgivar som tilbyr faglege utfordringar og utviklende arbeidsoppgåver for den einskilde medarbeidar, og eit godt arbeidsmiljø i alle einingar
- Ta ei strategisk og proaktiv rolle på definerte, utvalgte område
- Tilpassa seg ulike scenarier og moglegheiter, der rammevilkåra kan endre seg, på ein rask og effektiv måte.

Tilnærming

Som ein første fase i programmet «Førebudd på framtida» utførte konsulentfirmaet BDO våren/sommaren 2014 ei analyse av oppgåver, ansvar og roller i fem avdelingar i fylkesadministrasjonen som eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med omstilling og utvikling.

I rapporten vert det mellom anna peika på at oppgåver knytt til strategisk utvikling gjerne «taper» i den daglege drifta. For å fremme utvikling og endringskapasitet er det viktig at oppgåver knytt til strategisk utvikling vert prioritert.

Vidare i rapporten vert det vist til at mykje ressursar i fylkesadministrasjonen vert nytta til administrative oppgåver og til planlegging av ulikt slag. Det vert tilrådd at ein ser nærmare på om denne ressursbruken kan reduserast til fordel for kjerne- og driftsoppgåver.

Det vert tilrådd i rapporten at ein òg ser på korleis oppgåvene knytt til administrativ drift og utvikling er organisert, og om ei anna organisering kan bidra til meir effektiv ressursbruk.

For å oppnå den overordna målsettinga med «Førebudd på framtida» skal programmet ta for seg organisering og ressursbehov knytt til:

- Strategisk utviklingsarbeid
- Kjerneoppgåver
- Administrativ drift og utvikling

Nærare om dei tre hovudspora:

- **Strategisk utviklingsarbeid**

For å styrke arbeidet knytt til strategisk utvikling vil fylkesrådmannen særleg legge vekt på følgjande:

- Tydeleggjere vegval og mål
- Klårare prioritering
- Styrka gjennomføringskraft

For å sikre dette vil ein framover i større grad nytte intern prosjektorganisering med brei fagleg samansetning og eit tydeleg periodisk fokus. Mellom anna vert det etablert eit tverrfagleg prosjekt for å utarbeide ein regional planstrategi for planperioden 2016-2019. Ansvarleg for dette prosjektet vil vere fylkesdirektør regional utvikling. Fylkesutvalet vil få til handsaming ei oppstartsmelding med målformulering ultimo 2014. Sjølvé planen skal vere klar til politisk handsaming våren 2016.

- **Kjerneoppgåver**

For å reindyrke og tydeleggjere arbeidet knytt til kjerneoppgåver vil fylkesrådmannen vurdere følgjande:

- Kva for fagoppgåver vert utførte i dei ulike avdelingane
- Heimel for oppgåvene
- Behov for konsolidering

Kvar avdeling har fått ansvar for å kartlegge eigne oppgåver og om desse er lovpålagte, politisk vedtekne eller vert utførte av anna grunn. Avdelingane skal også vurdere kva for omfang og prioritet oppgåvene har og

om dei har naudsynt kompetanse i høve desse og eventuelle nye, framtidige oppgåver. Arbeidet med oppgåvegjennomgangen vil skje i første halvår 2015 og vert leia av programsjefen i nært samspel med dei ulike avdelingane.

- **Administrativ drift og utvikling**

Når det gjeld ansvar, oppgåver og roller knytt til administrativ drift og utvikling vil fylkesrådmannen i det vidare arbeidet m.a. fokusere på følgjande:

- Definere aktuelle tiltaksområde i kvar avdeling
- Avklare organisering, mellom anna ta stilling til lokal/sentral plassering av oppgåver

I første fase vil ein her sjå nærmere på organisering av HMT-seksjonen og bedriftshelsetenestefunksjonen, organisering av Dokumentsenteret og Fylkesarkivet, organisering av merkantile funksjonar, organisering av sekretariatsfunksjonen samt organisering av sentralbord/resepsjon og skalsikring. Fylkesdirektør organisasjon har ansvar for gjennomføringa av desse aktivitetane.

Informasjon, drøfting og avgjersler

I det vidare arbeidet med programmet «Førebuud på framtida» legg fylkesrådmannen stor vekt på å gje god og relevant informasjon til alle involverte – tilsette, tillitsvalde og politisk føresette. Rådmannen vil her nytte etablerte kanalar for informasjon og drøfting og leggje fram saker til uttale og avgjersle i aktuelle fora.

Administrasjonsutvalet og fylkesutvalet vil jamleg verte orientert om framdrifta i programmet.